



PROSJEKTPLAN

Prosjektnamn:	Beite som ressurs for landbruket og bygda
Oppdragsgivar/søkjar:	Fylkesbondelaga i Telemark og Agder
Prosjektansvarleg(PA):	Åse Ingebjørg Homme
Prosjektleder (PL):	Skal tilsetjast i 1/1 stilling

Prosjektets utviklingsfase:
<input type="checkbox"/> Forstudie
<input type="checkbox"/> Forprosjekt
<input checked="" type="checkbox"/> Hovudprosjekt
<input type="checkbox"/> Anna

Søknaden er relatert til:
<input type="checkbox"/> Fylkesplan
<input checked="" type="checkbox"/> Reg. utviklingsprogram A/T
<input checked="" type="checkbox"/> Anna: Føringer frå LMD

1. Bakgrunn og problemstillingar

I utforminga av sin landbrukspolitikk løftar Regjeringa og Landbruksministeren fram skjøtsel og vidareutvikling av kulturlandskapet som eit heilt sentralt element, ikkje minst fordi desse landskapsverdiene er eit spesielt konkurransefortrinn for bygdenæringane. Statsråden fastslår vidare at det opne kulturlandskapet er ein av dei viktigaste grunnane til befolkningas oppslutning om landbrukspolitikken. (Jf. m.a. Riis-Johansens tale ved konferansen Mat og Reiseliv på Geilo 18. oktober, samt signal ved framlegginga av forslag til Statsbudsjett for 2007).

Dette perspektivet er bakgrunnen for at Regjeringa i årets jordbruksoppgjær bruker 125 mill kr. på eit eige beitetilskot. Statsråden seier vidare at ein nå har starta med å utforme ein politikk der aktiv beiting skal premierast.

Fylkesbondelaga/bonde- og småbrukarlaga i Telemark og Agder ønskjer gjennom det prosjektet vi presenterer her, å ta tak i desse politiske signala om meir og betre beitebruk. Gjennom prosjektet ønskjer vi å framskaffe praksis og erfaringsmateriale som kan vere med å gi eit godt beslutningsgrunnlag for departementets vidare arbeid med å utforme ein framtidig nasjonal beitebrukspolitikk, med tilhøyrande verkemidlar. Prosjektet vil også ha nytteverdi for den vidare evalueringa av dei desentraliserte miljøordningane i landbruket, RMP og SMIL.

Dei politiske signala vi omtalar ovafor er også forankra i Soria Moria-erklæringa, der seier Regjeringa følgjande, under pkt. om landbruk:

- Sikre et landbruk med variert bruksstruktur over hele landet. Strukturprofilen må styrkes, kanaliseringspolitikken skal opprettholdes og driftstilskuddordningen gis en klarere distriktsprofil. Virkemiddelbruken må stimulere til økt beiting med husdyr for å kunne opprettholde et åpent kulturlandskap.

Under pkt. om friluftsliv og naturmangfald, står det:

- Sørge for at kulturlandskap ikke gror igjen og forfaller. Satsing på bærekraftig bruk er viktig for landskapsvern og naturmangfold.



PROSJEKTPLAN

Når det gjeld kulturlandskapet som konkurransefortrinn for bygdenæringar, kan det konkretiserast til reiseliv og opplevingsbaserte aktivitetar. Ulike utsegner frå store reiselivsverksemdar som Hurtigruta, representantar for NHO Reiseliv m.fl. viser at desse ser på eit aktivt og livskraftig landbruk med beitande dyr som ein avgjerande føresetnad for å halde på det kulturlandskapet deira verksemdar er så avhengige av.

Vi ser i dag alvorlege tendensar til ei aukande attgroing av tidlegare skjøtta kulturlandskap. Dette har si årsak både i endra driftsformar i landbruket og i ein generelt stadig meir pressa økonomi for næringa, ikkje minst i dei produksjonane som kan gjere bruk av beite. Endringar av prioriteringar og av pris- og tilskotsprofil i det landbrukspolitiske verkemiddelsystemet, har svekka beitingas relative betydning som økonomisk innsatsfaktor. Det gjeld til dømes balansen mellom grovfôr- og kraftfôrkrevjande produksjonar, men også innanfor dei grovfôretande husdyrproduksjonane.

Eng og beite er av dei mest artsrike biotopane i Noreg og er difor også svært viktig å ta vare på av omsyn til det biologiske mangfaldet.

Agder og Telemark er eit område der beiting tradisjonelt har betydd mykje i landbruksdrifta, ved å sjå på tilpassingar, forslag og nye løysingar hos oss, håpar vi å gjere eit nybrottsarbeid som vert av nasjonal interesse for å styrkje beitebruken fleire stader i Noreg.

2. Mål for prosjektet

Suksessen til prosjektet kjem an på om ein lukkast med arbeidet ute i dei enkelte pilotane.

Hovudmål

Målet med prosjektet er å sikre og auke beitebruken for å ta vare på kulturlandskapet i fylka Telemark, Vest- og Aust-Agder, samt identifisere tiltak og ordningar som kan styrkje driftsøkonomien i husdyrproduksjonar gjennom aktiv beitebruk.

Delmål

- o Auke tilgjenge til og bruken av beiteområde med god kvalitet, tilpassa dei driftsformene vi har i landbruket i dag, og fornye vedlikehaldet av beitet.
- o Sikre område med stort biologisk mangfald frå gjengroing og tap av artar. Det er også aktuelt å prøve restaurering av beiteområde som har ligge brakk ein periode
- o Auke kompetansen omkring bruk av beite hos beitebrukarar og grunneigarar, samt hos rådgivingsteneste og forvaltning.
- o Utforme tiltak og modellar som bidrar til ei fornying av nasjonal politikk og forvaltning på området beitebruk. M.a. samarbeidsformar mellom grunneigarar og mellom beitebrukarar og grunneigarar.
- o Styrke samarbeidet landbruk/reiseliv, der kulturlandskapet vert ein ressurs i utviklinga av det lokale reiselivet.
- o Sjå på moglege endringar i dagens tilskotsordningar og regelverk mtp. å stimulere til meir beitebruk og styrkje økonomien i husdyrhaldet i Agder og Telemark. Eksempelvis utforming av og profil på tilskot for grovfôretande husdyr.



PROSJEKTPLAN

- o Vurdere effekten av reformer og nye kravsett overfor næringsdrivande i landbruket mtp. beitebruket. Slik som storleik på botnfrådrag, heva grense for å vere registrert i MVA-registeret, investeringskrav knytt opp mot dyrehelse og HMS.
- o Funn og resultat frå prosjektet vil verte å formidle til avtalepartane i jordbruket.

3. Målgruppe for prosjektet

Målgruppa er samansett slik:

1. Bønder/grunneigarar
 - Produsentar med grovføretande husdyr, inklusive hest
 - Eigarar av beiteareal.
Målet er å få etablert godt arronderte beiteområde av ein viss storleik, difor nødvendig å få med fleire grunneigarar i eit samanhengande område/grendelag.
2. Kommunane
I dei lokale pilotane, ønskjer vi å få med representantar for kommunal forvaltning. Dei skal få auka kompetanse på rådgiving/tilrettelegging for beitebruk i sin kommune.
3. Aktørar i det bygdebaserte reiselivet
Aktørar og bedrifter i reiselivet kjem med som aktive medspelarar i arbeidet med å tilretteleggje areal for beite. Gjennom slikt samarbeid landbruk/reiseliv vil vi bidra til å styrkje kulturlandskap som ein ressurs og utviklingsfaktor i det lokale reiselivet.

4. Hovudaktivitetar

- o Gjennomføre pilotar¹ i 10 beiteområde, i ulike distrikt og med ulike kombinasjonar av beitedyr, gjerne i form av samarbeite. Desse delprosjekta skal leggje hovudvekt på beiting med storfe og småfe, men hest skal også inngå som ein del av det samla prosjektarbeidet.
- o Betre infrastrukturen på og i tilknytning til beiteareal som er med i prosjektet. Med infrastruktur meiner vi i denne samanheng til dømes gjerding, arrondering av areal og teigar, samt system for transport av dyr til og mellom beiteområde. Ikkje inkludere investeringar i prosjektet.
- o Styrkje kompetanse omkring organisering av beitebruken i offentleg forvaltning og rådgivingsteneste, og i den private rådgivingstenesta for landbruket.
- o Utvikle og prøve ut modellar for grunneigarsamarbeid, for å lette tilgjenge til større og meir samanhengande beiteområde i våre tre fylke.
- o Skal føre til forpliktande samarbeid etter prosjektperioden.
- o Etablere lokale samarbeidstiltak mellom representantar for landbruk og reiseliv, der ein nyttar kulturlandskapselement i reiselivstilbodet på staden.
- o Identifisere tiltak og endringar i den offentlege jordbrukspolitikken, som kan styrkje økonomien i det beitebaserte husdyrhaldet, og i geografiske område der beite utgjør ein stor ressurs i landbruket.



PROSJEKTPLAN

5. Beslutningspunkt og milepelar

Må gjennomgåast av styringsgruppa.

Milepel	Når	Kven
Møte med Landbruks- og matdepartementet (LMD)	23.03.07	Prosjekteigar med repr. frå kommune og fylkesmann (Interrimstyret)
Søknad til LMD	25.03.07	Interrimstyret
Info til prosjekteigarane	25.03.07	Interrimstyret
Invitasjon til kommunane	01.04.07	Interrimstyret
Samling for prosjekteigarane	04.05.07	Interrimstyret
Informasjons- og oppstartmøte	22.05.07	Interrimstyret
Tilsetjing av prosjektleiar	Haust 2007	Prosjekteigar
Innsamling av relevant materiale og fagstoff, som bakgrunn for prosjektarbeidet (uavhengig av prosjektet)	2007 (er i gang)	FMLA, referansemiljøa
Utarbeiding av kriterium for pilotar	Vår 2007	Prosjektansvarleg/styringsgruppe
Presentasjon for lokale faglag, sau & geit, storfealslag, kontaktar i hestemiljøet, kommunale landbruksetatar, reiselivsbedrifter	2007	Prosjektleiar, prosjekteigar, referansemiljø
Utveljing av dei første pilotane	Vår/sommar 2007	Prosjektansvarleg/styringsgruppe
Gjennomføring pilotar	Beitesesongen 2008 og 2009	Prosjektleiar, lokale styringsgrupper
Gjennomgå reglar og ordningar i og utanfor jordbruksavtala, med sikte på å stimulere beitebruken og lønsemda i produksjonar som nyttar beite	Fram mot årlege jordbruksforhandlingar	Prosjektleiar, styringsgruppe, prosjekteigar
Oppsummering/evaluering. Skrive prosjektrapport	Fram mot prosjektavslutning haust 2009	Prosjektleiar og lokale styringsgrupper
Ferdigstille skriftleg materiale frå prosjektet.	Eige prosjekt	Prosjektleiar?

6. Kostnader og finansiering

Prosjektet treng ein leiar med høg kompetanse på prosess og nettverksbygging. Leiaren må også ha innsikt i landbruksøkonomi og rådande landbrukspolitikk. Det er nødvendig å ha ein leiar i 100% stilling. Det vert sett som vilkår at prosjektet må ha prosjektmidlar til disposisjon for reiser, møte, kompetansetiltak og resultatformidling.

Aktiviteten vil i stor grad ligge i pilotane. Disse vert vald ut av prosjektleiinga etter innhenting av kandidatar. Kriteria vert lagt ut som tillegg til prosjektplanen. Ein legg til grunn at det skal vere maks 3 i kvart fylke med om mogleg ein i tillegg, til saman 10 pilotar. Aktiviteten i pilotane har som vilkår at det skal vere ei lokal leiing tilsvarande 1/3 årsverk samla sett, samt prosjektmidlar til gjennomføring av lokale prosessar.



PROSJEKTPLAN

Budsjetterte kostnader	Årleg	Totalt, 2 år	
Prosjektleiing			
Prosjektleiar, l.tr. 50	465 000	930 000	Brutto lønskostnader.
Prosjektmidlar	135 000	270 000	Reise, møte, kompetanseformidling
Pilotane, 10 stk			
Leiing løn 1/3 årsverk	1 500 000	3 000 000	
Prosjektmidlar	500 000	1 000 000	Reise, møte, lokale tiltak
Sum	2 600 000	5 200 000	

Finansieringa bygger på ei fordeling mellom kommune, fylkesmann og departement. Kommunane tar ansvaret for den lokale prosjektleiinga, fylkesmannen for hovudprosjektet og Landbruks- og matdepartementet for gjennomføring i pilotane. Pilotane vil bli tildelt ein andel av midlane i høve til ein avtale med hovudprosjektet, - i gjennomsnitt kr 50 000 x 2 år, el. 1/4 av samla budsjett i piloten.

Finansiering	Årleg	Totalt, 2 år
Prosjektleiing		
Bygdeutviklingsmidlar	600 000	1 200 000
Pilotane, 10 stk		
Pilotkommunane,	1 500 000	3 000 000
LMD	500 000	1 000 000
Sum	2 600 000	5 200 000

Innsatsen frå kommunane kan vere bruk av egne folk og lønsmidlar, småsamfunnsmidlar, SMIL-midlar.

Det kan bli aktuelt med noko bruk av bedriftsretta BU-midlar og RMP-midlar undervegs i prosjektet

7. Organisering og ansvarsforhold

Prosjekteigar er bondelaga og bonde- og småbrukarlaga i Agder og Telemark.

Åse Ingebjørg Homme er prosjektansvarleg (PA) på vegne av eigar. Det vert etablert ei styringsgruppe med rådgjevarfunksjon, til dømes ved utarbeiding av kriterium og utveljing av pilotar.

Grappa er samansett slik:

Prosjektansvarleg (som leiar styringsgruppa)

1 felles deltakar for bonde- og småbrukarlaga i fylka

1 representant for ein av pilotane

1 representant frå kommunane (helst ein ordførar med næringsliv og reiselivskompetanse)

1 representant for offentlig forvaltning (Fylkesmannsembetet)

Prosjektleiar vert tilsett av prosjekteigar og rapporterer til prosjektansvarleg

Prosjektleiar skal etablere ei prosjektgruppe, samansett av ein representant for kvar av pilotane.

Telemarksforskning får tilbod om å følgje prosjektet mtp. evaluering undervegs og i etterkant. Må skje for Telemarksforskings eigen kostnad.



PROSJEKTPLAN

Referansegruppe: Gilde og Tine (rådgivingstenestene), NSG, forsøksringane, kjøttfealslag, representant(-ar) for kommunale landbrukskontor, representant(-ar) for lokalt reiseliv, Mattilsynet, Bioforsk.

8. Kvalitetssikring og resultatmåling

Utveljing av pilotar er avgjerande viktig. Vi er avhengig av ei forankring blant dei involverte for prosjektet og dei måla som ein ønskjer å nå i perioden.

Difor meir viktig at dei deltakarane som vert med er motivert for prosjektet, framfor å leite etter område med optimale beitekvalitetar. Det kan vere fornuftig å spørje der det er gjennomført ulike skjøtselstiltak/områdetiltak tidlegare.

Få oversikt over prosjekt og tiltak som er gjennomført, og byggje vidare på erfaring og kunnskap. Unngå å gjere gamle oppgåver ein gong til. Byggje på tidlegare erfaring.

Telemarksforsking vert tilbydd å følgje prosjektet, pga. sitt engasjement i Forskingsprosjektet Areal og landskap. Det er eit prosjekt finansiert over jordbruksavtalas forskingsmidlar. Funn og erfaringar frå vårt prosjekt kan samtidig ha verdi for TFs arbeid med det prosjektet.

9. Rapportering og formidling

Sluttrapport ved fullført prosjektperiode, samt delrapport etter år 1.

Formidling av resultat frå prosjektet til strukturar som organiserer og representerer målgruppene.

Ta opp/samarbeide med LMD om vidare formidling og spreiding av erfaringane omkring organisering, samarbeid m.v. blant dei involverte partane.

Dialog med avtalepartane om resultat frå prosjektet som har politiske implikasjonar.

Dato: Prosjektleder _____
(Signatur)

Godkjent:
Dato: Prosjektansv. _____
(Signatur)

ⁱ Pilot er nemning for dei lokale delprosjekt/forsøka som vert gjennomførte. Desse er å rekne som dei viktigaste aktivitetane i vårt prosjekt. Arbeidet i piloten skal tuftast på eit lokalt samarbeid mellom dyreeigarar, grunneigarar, kommunen, og helst representantar for det lokale reiselivet. Lokal leiar for kvar pilot dannar prosjektgruppe saman med leiar for hovudprosjektet.